

# Årsmelding Vågå SV 2023



Bilde: Astrid Sandbu Røe

## Styre

Leiar: Ola Iver Røe

Nestleiar: Mai Bakken

Kasserar: Bjørg Schultz

Sekretær: Jakob Sagsletten

## Nominasjonskomite

Bjørg Schultz (leiar), Gunnar Frydenlund og Terje Kleiven.

## Valkomite

Bjørg Schultz (leiar), Gunnar Frydenlund Linda Aaboen.

## Sosialkomite

Tora Sandbu, Nina Andby og Åse Kari Kobbersletten.

## Styremøte

16.januar: Planlegging av årsmøte, godkjenning av medlemskap, oppdatering frå nominasjonskomiteen.

13.mars: Evaluering årsmøte, kommunestyresaker, vegen vidare.

21. juni: Oppsummering/evaluering av halvåret som har gått, planlegging av hausten (valkamp, møter, sosialt arrangement), kommunestyresaker, besøk av Naturvernforbundet.

8.august: Informasjon, valprogram, sosialt treff, planlegging av valkamp.

27.september: Kommunestyresaker.

25.oktober: Kommunestyresaker.

## Medlemsmøte

2.februar: Årsmøte.

27.mars: Nominasjonsmøte.

4.mai: Valprogram.

24.mai: Bildetaking og drøfting av kommunestyresaker (blant anna 5-dagars skuleveke).

14.september: Drøfting av valresultat.

27.november: Drøfting av saker i HTNL, HOKO og kommunestyret.

11.desember: Framlegg av økonomiplan og budsjett av kommunedirektør. Felles med Vågå AP.

## Sosiale media

Vågå SV – open for alle som vil følgje oss.

Medlemer av Vågå SV – for medlemmar.

Vågå SV – styret og folkevalde – for styret, kommunestyrerepresentantar og andre folkevalde.

Torunn Kveen har følgt opp layout, arrangement etc.

<https://innlandet.sv.no/kontakt/lokallag/vaga/> - nettside der ein kan finne årsmelding, valprogram etc.

## Medlemsutvikling

28 betalende medlemmer ved årsskiftet 23/24. Høgaste medlemstal på 2000-talet. Av dei nye som ikkje har vore medlemmar før er det 7 kvinner og 1 mann. Vågå SV har tre delegatar til årsmøtet i Innlandet SV.

## Valliste og nominasjon

Nominasjonskomiteen sleit lenge med å få på plass ei liste, spesielt toppkandidatane. Dette fekk også dekning i media, både Fjuken, Norddalen og Gd. Etter brei mobilisering og stor innsats av nominasjonskomiteen fekk vi på plass ei fyldig liste med mange gode kandidatar.

### Valliste

Nr.	Navn	Fødselsår
1	Svein Holen	1957
2	Anne Silje Berg	1981
3	Ola Iver Røe	1979
4	Liv Skogstad Mikalsen	1973
5	Jakob Sagsletten	1983
6	Torunn Elise Kveen	1977
7	Terje Kleiven	1950
8	Åse Kari Kobbersletten	1970
9	Nina Andby	1957
10	Øyvind Seppola	1989
11	Linda Aaboen	1974
12	Thea Grobstok Dalen	1984
13	Gunnar Frydenlund	1959
14	Tora Sandbu	1976
15	Kari Fortun	1962
16	Ivar Schjølberg	1940
17	Bjørg Schultz	1955
18	Eldbjørg Kalbakk	1949
19	Svein Vole	1950
20	Lisbeth Øygarden	1956
21	Asle Heggheim	1954

## Valkamp

Vi hadde stand på Mega og på Lalm. Eit spørsmål vi stiller oss er kor effektivt stand er i valkampen, men på Mega var det mange som var innom.

Debatt biblioteket: Svein Holen

Debatt Fjellsenteret i Lom: Anne Silje Berg

Debatt kulturhuset: Svein Holen og Liv Skogstad Mikalsen.



Takk for innsatsen av  
Svein, Liv og Anne Silje!

Bilde: Tora Sandbu


Næringsdebatt Vågå Handelsforening : Anne Silje Berg



Layout: Sigurd Rønningen

## Valprogram og valbrosjyre

Vi fekk mykje positiv respons på valprogrammet. Åse Kari Kobbersletten, Ola Iver Røe og Svein Holen var i redaksjonen. Torunn Kveen las korrektur. Design ved Innlandet SV.



## Val 2023

Resultat:12,3% (231 stemmer)

2 kommunestyrerepresentantar (Svein Holen og Anne Silje Berg)

1 representant i formannskapet (Svein Holen), HOKO (Torunn Kveen) og HTLN (Ola Iver Røe)

Beste val i Vågå sidan 1991 og det 4. valet på rad med framgang.

Vågå er 3.beste SV-kommune i Innlandet.

## 1.mai

Arrangement i samarbeid med Vågå AP og Fagforbundet i Vågå. Appell ved tidlegare stortingsrepresentant Torstein Rudihagen, leiar av Fagforbundet Ung Innlandet Linnea Steen og ungdomspolitikar frå SV Vårin Dagsgard-Marstein. Lina Haug framførte låta si Mine augo. Programleiarar Svein Holen og Torunn Kveen.



Layout: Torunn Kveen

## Raud samling

Raud samling hjå Tora Sandbu og Ola Røe på Krokrom. Vellykka arrangement i regi av sosialkomiteen med 25 deltakarar. Jakob Sagsletten laga quiz, Svein Holen skreiv to singlar.



Layout: Åse Kari Kobbersletten

## Vågå SV i media

Lesarbrev:

Kollektivtilbodet i Nord-Gudbrandsdalen er lite samanhengande og mangelfullt (Fjuken 17.oktober) – Vårin Dagsgard Marstein

Vegskilje for Vågå (Fjuken 8.september) – Ola Iver Røe

La ikkje demokratiet gro att (Fjuken 6.september) – Svein Holen

Eit mangfaldig kulturliv i Vågå (Gd 3.september) – Anne Silje Berg

Stem inn fleire kvinner (Fjuken 4.august) – Svein Holen

Matsentralar og menneskeverd (Fjuken 28.juli) – Svein Holen

Er demokratiet i Vågå plagsamt? (Fjuken 28. mai) – Svein Holen

Vågå SV vil ha stopp i planane for hytteområde i Jettlie (Fjuken 18.mai) – Torunn Kveen

I tillegg har Mai Bakken hatt fleire lesarbrief for Innlandet SV, Åse Kari Kobbersletten for FO Innlandet, Terje Kleiven for Bevar villreinen i Rondane og Vårin Dagsgard Marstein for Ottadalen SU.

Artiklar (utval):

Vågå SV: – Planane om hybridkraft må stoppast NÅ – Fjuken 14.desember

Vil hjelpe yngre med eigenkapital til bustad – Fjuken 13.desember

Vågå vil ta imot 50 flyktningar i 2024 – Fjuken 2.desember

Vågå SV: Gangbru over Finna er vinn-vinn – Fjuken 27.august

Vågå SV slit med å stille liste – har ingen klare toppkandidatar – Fjuken 6.februar

## Kommunestyret

Svein Holen og Torunn Kveen har vore representantar for Vågå SV i kommunestyret.

Vararepresentantar: Terje Kleiven, Jorid Vorkinn og Ola Iver Røe.

Oppsummering av saker SV har reist i kommunestyret i 2023:

### Mai

Grunngjeve spørsmål i kommunestyret for å få stoppa planane for nytt hytteområde i Jettlie.

Spørsmål: Når kan kommunestyret få saka til behandling?

### Juni

Forslag frå SV under orienterings- og drøftingssaker: "Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut kva som skal til for snarleg å kunne starte opp arbeidet med ein gjennomgang og ei oppdatering av arealdelen i kommuneplanen 2017-2027. Arbeidet må møte nye internasjonale, nasjonale og regionale krav og forventningar, og kommunen sine egne behov."

Samrøystes vedteke.

### September

Tilstandsrapporten i grunnskulen 2022, forslag frå SV: "Vågå kommune har i seinare tid sett i verk fleire gode tiltak for å auke trivsel og motivasjon for læring i Vågåskulen. Vågå SV foreslår nå ytterlegare tiltak for å utjamne sosiale forskjellar, og gjera elevane betre rusta til å gjennomføre utdanningsløpet i vidaregåande opplæring. Vi veit at dette krev tidleg og samordna innsats frå alle kommunale tenester som arbeider med barn og unge, og godt samarbeid skule - heim. Det er viktig at elevane kan få pedagogstøtte til øvingsarbeid og repetisjon av fagstoff som del av skuletida, for å gjeva alle elevane større moglegheit for å lykkast på like vilkår. I tillegg vil mange av elevane ha glede og nytte av å få fordjupe seg meir i fagstoffet. Derfor vil vi foreslå å be kommunedirektøren om å vurdere innføring av frivillig studietid i ungdomsskulen. Dette inneber å vurdere omfang, organisering, ressursbruk og kostnader. Frivillig studietid vil seia at elevane kan gjera øvingsarbeid på skulen med lærar til stades. Dette kan vera repetisjon av fagstoff, fordjuping eller anna. Frivillig studietid må m.a.o. vera noko meir enn berre leksehjelp.

Forslag: Kommunedirektøren blir beden om å greie ut tilbod om frivillig studietid i ungdomsskulen. Dette betyr ein tidsressurs med lærar til stades, som eleven kan nytte til å gjera øvingsarbeid eller lekser, repetisjon av fagstoff, fordjuping eller anna." Forslaget vart nedstemt med 8 mot 9 røyster.

### Desember

Budsjett/økonomiplan:

Reversere kutt 65% assistentstilling – overgang bhg/skule (nedstemt)

Reversere kutt 30% stilling – leserettleiing i grunnskulen (nedstemt)

Reversere kutt driftstilskot Ullinsvin (vedteke)

Reversere kutt ungdomsrådet (nedstemt)

"Vågå SV ynskjer at kommunen viser ansvar og tek klimaomsyn som innkjøpar av varer og tenester, som forvaltar av eigedom og ved utarbeiding av planar. Vågå kommune har vist god evne til dette i sine egne større byggeprosjekt, som helse- og omsorgsprosjektet m.m. Likevel meiner vi at kommunen må ta nye steg ved å få utarbeidd klimabudsjett og -rekneskap som viser effekten av konkrete tiltak. Det er ei stor bekymring at fleire og fleire ser ut til å slite med å få endane til å møtast økonomisk, jf. også oppslag med NAV-leiar og ordførar i Gd 13.12.2023. Til og med folk i full jobb har nå økonomiske utfordringar. I forslaget til økonomiplan ligg det inne relativt stor auke i dei kommunale eigedomsavgiftene. Vågå SV vil invitere kommunestyret til å vera med og leite etter tiltak som kan lette byrdene for innbyggjarane."

Bustadtilskot til ungdom, forslag frå SV: "Vågå kommune yter bustadtilskot på kr 200 000 til privatpersonar under 35 år som byggjer eller kjøper ny heilårsbustad eller leilegheit til eige bruk i kommunen. Tilskotet skal vera eit supplement til søkjarar som manglar eigenkapital, jf. utlånsforskrifta for bankane. Det blir avsett kr 1,0 mill. til ordninga frå disposisjonsfond merka bustadformål. Det blir utarbeidd meir detaljerte retningsliner for ordninga." Forslaget vart nedstemt.

Klimatiltak, forslag frå SV: "Vågå kommune må utarbeide klimabudsjett, med konkrete tiltak som blir kopla direkte opp mot økonomiplanen. Det blir avsett kr 250' frå disposisjonsfondet til oppstart/kompetanseheving m.m., i samband med dette arbeidet." Forslaget vart nedstemt.

Kommunal bustøtteordning, forslag frå SV (verbalforslag): "Folk med dårleg råd, særleg enkelte minstepensjonistar, opplever for tida at den statlege bustøtteordninga ikkje strekk til. Vågå kommune vil vurdere å etablere ei eiga bustøtteordning i tillegg til den statlege. Denne må vera målretta og basert på individuell vurdering, slik at ein når dei som treng det mest. Kommunedirektøren blir beden om å greie ut behovet for ei kommunal bustøtteordning, og leggje fram sak med forslag til korleis denne eventuelt kan innrettast." Forslaget vart vedteke mot 5 røyster.